



Innvik Kraftverk AS

OED
Postboks 8148
Dep
0033 Oslo

Dykkar ref.	Dykkar brev	Vår ref.	Dato
		56.2.301.2/JT	Stryn 16.01.2015

Framlegg til endring av lov om elsertifikat. Fråsegn frå Innvik Kraftverk AS.

Vi syner til høyringsnotat: «**Forslag til endring av lov om elsertifikater**» av 03. desember 2014, med høyringsfrist 19. januar 2015.

Innvik Kraftverk, (15,5 MW), vart vedteke bygt i mars 2005, med byggestart i mai 2005.

Olje- og energiministeren frå den borgarlege regjeringa den gongen; Einar Steensnæs (Krf) uttala i ei pressemelding den 19. desember 2003:

«Jeg vil understreke at de som bygger ut kraftproduksjon nå ikke skal tape på det ved en innføring av et marked for grønne sertifikater. Sertifikatberettigede anlegg for elektrisitetsproduksjon med byggestart etter 1. januar 2004 vil ha mulighet til å delta i et system for grønne sertifikater, selv om et slikt system måtte bli etablert etter dette tidspunktet.»

Vi kjende oss så sikre på at lovnadane / garantien, frå olje- og energiministeren den gongen, om at alle kraftverk med byggestart etter 1. januar 2004, ville bli omfatta av den varsla elsertifikatordninga, at vi la til grunn stipulerte inntekter frå elsertifikat, ved vedtak om bygging. Innvik kraftverk vart sett i drift i mai 2007, etter to års byggetid. Som kjent vart denne garantien broten av den førre regjeringa i 2009, til stort vonbrot for alle dei kraftverkseigarane som hadde lagt sertifikatordninga inn i finansieringa av kraftverket sitt.

Før valet i september 2013, fekk vi på nytt lovnader om at dette skulle det bli rydda opp i dersom dei borgarlege partia vann valet. Både H og Frp skapte inntrykk av at dei ville innfri lovnaden frå olje- og energiminister Steensnæs (Krf) i 2003, dersom dei kom til makta.

Det er difor svært skuffande at det på nytt vert sett ei ikkje grunngjeven grense på 10 MW. Noko som gjer at Innvik Kraftverk (15,5 MW / 43 GWh) fell utanfor. Etter det vi kjenner til er det berre eit fåtal kraftverk dette gjeld, og det vil såleis få små konsekvensar for elsertifikatmarknaden om effektgrensa for kraftverk bygde etter 1. januar 2004 vert fjerna.


Innvik kraftverk har gått med underskot i to av seks år og skapar ingen meirverdi for eigarane. Både på grunn av at vi ikkje vart omfatta av elsertifikatordninga, men også på grunn av ein betydeleg auke i grunnlaget for grunnrenteskatten og grunnrenteskattesatsen. Og det faktum at elsertifikatordninga har ført til lågare kraftpris og lågare inntekter for dei utanfor elsertifikatordninga, enn om ordninga ikkje hadde blitt innført. Det har såleis ein dobbel effekt å bli haldne kunstig utanfor. Utan elsertifikatordninga ville det blitt mindre kraftoverskot og

høgare kraftpris for oss som blir haldne utanfor. I sum gjer dette at kraftverket er avhengig av driftskreditt for klare dei økonomiske pliktene. Dette kjennest særdeles urettferdig, særleg med tanke på den klare lovnaden som vart gjeven av den borgarlege regjeringa i 2003.

Dersom OED held fast på at grensa for tildeling av elsertifikat vert sett til 10 MW, vil IK AS vurdere å søkje om å få redusert installert effekt til under 10 MW for kome inn under elsertifikatordninga. Kraftverket vil då sjølvsagt produsere mindre, men vil oppnå både sertifikatinntekter og unngå grunnrenteskatten, noko som vil vere klart lønsamt for eigarane, men ikkje for samfunnet.

Vi håpar at olje- og energiministeren skjønar den vanskelege situasjonen mange kraftverkseigarar er komne i på grunn av uføreseielege politiske signal og lovnader, og ryddar opp ved å ikkje setje ei grense på 10 MW for å ta del i elsertifikatordninga frå 2016.

Med helsing
Innvik Kraftverk AS



Jan Træen
- Styreleiar -